



Ingjerd Asbjørnsen

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		107555/2018/REGULERINGSPLAN/1528	Guro Dehli Sanden, 71 28 03 26 Bjørn Ringstad, 71 28 04 39	27.09.2018

Tilbakemelding etter gjennomført arkeologisk registrering av planområdet for reguleringsplan for Berli Boligtun, del av gnr av 15 bnr 158 i Sykkylven kommune

Vi viser til telefonsamtale den 26.09.2018 og e-post av 27.09.2018. Som nemnt i telefonsamtalen så er det gjort funn av automatisk freda kulturminne på gbnr 15/158 i Sykkylven kommune. Det vil bli sendt inn dateringsprøver frå dei påviste kulturminna, men gjenstandsfunn viser at ein her har blant anna funne busetjing frå eldre steinalder, (truleg frå 8000 – 6000 år f.Kr), noko som gjer buplassen til den eldste som er funne i Sykkylven sentrum. Dei påviste kulturminna har høg forsking- og verneverdi. Det er derfor ikkje ønskeleg å «frigje» (gi dispensasjon frå kulturminneloven) for denne steinalderbuplassen, men at den blir bevart for ettertida. Dette må skje ved at lokaliteten ID nr 242544 (steinalderbuplassen) blir lagt i vern i reguleringsplana med ei H730-sona (omsynssone D), som dekker det heile bandlagte området, inkludert sikringssona på fem meter.

Vårt ønske om bevaring av den automatisk freda steinalderbuplassen må òg sjåast i samanheng med behovet for sikring av eit grøntareal framom (sør for) Berlihuset. Vi viser i denne samanheng til vår uttale i brev av 20.03.2010 til PT – BYGG AS til utnytting av areal på Berlihaugen. Der skriv vi at dersom ein tenker å bruke området til bustadbygging så er det naturleg at ein definerer eit areal rundt det gamle huset på Berlihaugen som må behaldast som hage/grøntareal. Det vart då foreslått eit areal som blir avgrensa av Kyrkjeveien frå Råsa og 60 meter sørover. I nordenden av Berlitomta (mot Råsa) er det naturleg å følgje eigendomsgrensa mot vest i 70 meters lengde. Vidare vart det skreve at dette arealet på ca 4,2 mål bør regulerast til omsynssone med reguleringsføresegner for vern av hus og hage/grøntareal. Utanom dette hage/grøntområdet kan vi akseptere ny bustader, men det er òg her viktig å behalde eit grønt preg og ikkje plassere og utforme nye bygningar som i form, volum og plassering tek heilt merksemd frå Berlihuset med omgivnader.

Vi gjer elles merksam på at reguleringsplaner går ikkje under ordninga mindre, privat tiltak. Dersom formålet med eit tiltak primært er av kommersiell karakter gjennom å legge til rette for utleie og sal, og ikkje skal dekke eigne bruksbehov vil det normal ikkje oppfattast som eit mindre tiltak. Viser til rundskriv T-02/2007 – Dekning av utgifter til arkeologiske arbeider ved mindre, private tiltak. Kulturminneloven §10 s. 6.

<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/md/vedlegg/kulturminner/t-2-07.pdf>

Konklusjon

Behovet for 60 meter hage/grøntareal sør for tomta til Berlihuset samfaller med det området der ein no har påvist automatisk freda kulturminne. Eit samla kulturminneomsyn, der ein har automatisk freda kulturminne med høg verneverdi og nærleik til Berlihuset som har staus som eit regionalt viktig kulturminne i regional delplan for kulturminne, gjer at vi no varslar at det vil bli stilt krav om at dette området blir lagt inn som omsynssone (H730) i reguleringsplankartet med tilhøyrande føresegn. Vi opnar opp for at ein kan utnytte sørlegast del av planområdet til utbygging av bustader, under føresetnad av desse blir plassert og utforma på ein slik måte at dei ikkje tek merksemda frå

Berlihuset. Grøntarealet rundt Berlihuset må også sjåast i samanheng med behovet for å bevare ein grøn korridor frå Klokkarhaug, forbi Berlihuset og vidare austover, oppover lia.

Vi varslar allereie no at vi vil ha motsegn til ein reguleringsplan som ikkje sikrar den påviste steinalderlokaliteten og arealet sør for Berlihuset på ein tilfredstillande måte.

Med helsing

Bjørn Ringstad
Fylkeskonservator

Guro Dehli Sanden
Arkeolog/Rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Kopi:

Svein Asbjørnsen
Sykkylven kommune Rådhuset, Kyrkjevegen 62 6230 Sykkylven

Vedlegg:

Vedlegg1 – Utnytting av areal på Berlihaugen, Klokkehaud gbnr 15/2 – fråsegn frå fylkeskonservatoren